



Magne Heggøy er kjempefornøgd med påska

- Vi har aldri før hatt ein slik påske!

Det fastslår ein kjempefornøgd dagleg leiar for Rabben Feriesenter Magne Heggøy medan han tek avskil med dei siste påskegjestane. Tala han henter ut av dataanlegget sitt understrekar orda. Det har vore fullt på Rabben frå onsdag til i dag og bubilane har hatt størst auke.



Bubilane aukar mest på Rabben

Heggøy fortel at det har vore 115 bubilføgn i påska - frå torsdag og til og med i dag. Reknar ein eit snittbelegg på 2,5 personar kjem ein opp i 285. Hytterekneskapan sluttar på 24 døgn og multiplisert med 4 vert det 96.

Ein tredje sum er dei fastbuande som har 30 vogner. Minst halvparten av dei har vore nytta i denne påska.

- Det er hyggjeleg at dei investeringane som er gjort her i den seinare tid har så positiv effekt, seier Heggøy, som har lagt ned mange arbeidstimar på anlegget. Han har ikkje registrert ei einaste klage i påska, alle er tilfredse med opphaldet,

- Er det noko gruppe du vil trekkja fram?

- Ja, eg vil spesielt nemna ein triveleg gjeng frå Arna som kjem att gong på gong og som kom i så mange soom 6-7 bular denne gongen. Dei er som alle dei andre svært tilfredse med opphaldet og kjem sikkert att neste år.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen